

RME/NVE
Pb. 5091, Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref. 202210875
” arkiv;

Vår ref: A.101 HÅ/NVE/intr.22-rammevilkår.

Dato: 27.9.22

Høyringsvar frå KE Nett til RME sine forslag om endringar i modell for kostnadsnorm for rammevilkår

KE Nett meiner at RME bør sjå på alle endringar av reguleringsmodellen samla, og at det blir laga ei høyring som tar for seg heile ordninga. Og at endringar av rammevilkårskorrigeringa trinn 2 blir utsett til heile den nye inntektsramme modellen er klar.

Det er alt ein usikkerheit ift. overgangen frå 60/40 vekting til 70/30, som blir innført frå 2023. Vi er kritiske til denne overgangen med at vektinga aukar til 70/30, då me meiner at inntektsrammemodellen ikkje er god nok til ei so stor vekting.

I tillegg er det ein stor usikkerheitsfaktor rundt kraftprisane for tida, ift kva prisområde det enkelte nettselskap tilhøyrer og korleis dette vil påverka effektiviteten. Og ekstra usikkert blir heile inntektsrammeordninga, når den i desse energipristider ikkje tar omsyn til kor mykje energi det enkelte selskap overfører i nettet sitt ift innt. rama ein får tildelt frå RME og effektivitetsutrekningane. 60-70% av nettleigeprisen til KE Nett sine kundar, vil i 2022 vera energitapskostnadar, og det med kun ca. 3% energitap i eige distribusjonsnett.

Det er viktig at inntektsramme ordninga legg til rette for ei framtidretta utvikling av bransjen og til ein viss grad tar omsyn til at vi har ulike rammevilkår å driva under.

I regelverket for reguleringa av straumnettselskapa sine inntekter, skriv RME at målsettinga med ordninga er:

- Bidra til effektiv drift
- Utvikling og utnytting av straumnettet
- Dette skal vidare bidra til ei sikker straumforsyning
- Og nettleiga skal ikkje vera høgare enn nødvendig.

Det er viktig at reguleringa ikkje er til hinder for å kunna nå denne målsettinga – slik det i nokre tilfeller er i dag, som t.d. for 400V utbygging og kabling av luftnett. Og at ordninga er mest muleg objektiv

I dag handlar det for mykje om å bli definert som effektiv i inntektsramme systemet, og mindre om korleis eit effektivt, driftssikkert straumnett bør sjå ut i framtida.

Alle nettselskap har sine utfordringa, enten det er vær, vind, klima, skog, øyer, frost, fugl, forminne, helning eller anna. Nokre av desse utfordringane er det vanskeleg å få gjort noko med og bør kompensert for, omlag slik som det blir gjort i dag. Men nokre utfordringar må vi som nettselskap også rekna med å ha utan at RME skal laga rammevilkårs korrigeringar for alt.

Det viktige er at RME lagar ei ordning, slik at vi bygger og driftar straumnettet på ein effektiv og framtidretta måte, til beste for kundane og samfunnet. Og at RME prøver å laga ei mest muleg rettferdig fordeling utifrå dette, slik at dei selskapa som fiksar dette best og skal få best betalt. Her har RME ein jobb å gjera for å få oss i denne retninga.

Slik inntektsrammesystemet fungerer i dag, føles det ofte som at ordninga er meir til hinder enn som ein pådrivar for ei framtidretta utvikling av straumnettet – her nokre eksempel på dette:

400V

400V oppfyller alle desse målsettingane med inntektsramme ordninga mykje bedre enn 230V – men slik inntektsramme reguleringa til RME fungerer i dag, vil selskapa som har 400V nett bli definert som ineffektive. Til tross av alle fordelane med 400V kontra 230V:

- 400V er mykje rimelegare å byggja ut, betydeleg lavare anleggsbidrag for kunde/utbyggjar.

KE Nett AS

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	E-post	Org.nr.
Postboks 156 4358 Kleppe	Jærvegen 548 4351 Kleppe	51 78 94 00 Kundeservice 51 78 94 30	post@klepp-energi.no Internett www.ke-nett.no	NO 977 285 712 MVA

Brukar ofte same (kan bruka mindre) kabel, linja, stolpe, skap o.m. om 400V eller 230V, men har mykje større overføringskapasitet med 400V.

- Kan overføra over 50% meir og lenger med 400V = betydeleg færre nettstasjonar og mindre høgspentnett.
- Omlag 1% mindre energitap med 400V. Hadde alt 230V nettet vore ombygd til 400V i Norge, ville det spart samfunnet for mange 100GWh/år i spart energitap og tilsvarande mange hundre mill. kr/år i sparte energikostnader som kundane no må betala for. Med dagens prisar ville det vore milliardbeløp å spara i energitapskostnader i 2022, om alt hadde vore bygd som 400V.
- Ingen jordfeilproblematikk som for 230V nettet. Mykje mindre problem ift. lyn og torden. Dvs. betydeleg mindre driftsforstyrrelser og dermed ei bedre vara for kundane
- Kundane etterspør 400V. Alle maskiner blir bygd som 400V, fordi alle land rundt oss har 400V.

Kabling

Kabel kontra luftlinjer har mykje den same utfordringa som 400 volten ift. RME sine målsettingar med reguleringa. Mange plassar rundt i landet må det fortsatt vera luftlinjer, men samtidig er det og mange plassar der det burde vore bygd kabel i staden for luftlinja.

- Slik inntektsramme systemet fungerer i dag blir ein *straffa* om ein kablar ei linja – fordi ein mister rammevilkårstillegg som kystnærheit, vind, skog o.m. når ei vær-, klima- og skog-utsett linja blir kabla. Vi har sjølv eit heilt konkret tilfelle av dette akkurat no - der vi kablar ei 4,5km lang Cu høgspentluftlinja langs Nordsjøen – noko vi eigentleg aldri skulle hatt gjort ift. innt. rammeordninga.

Pga. all kablinga vår, har vi no snart lavare rammevilkårskorrigerings ift. vind og kystnærheit, enn mønsterselskapa som held til på innlandet på austlandet!

Kvifor skal ein mista rammevilkårskorrigerings – når ein kablar ei høgspentlinja som har ein del driftsavbrudd pga. vær, vind, fugl og klima heilt ut mot havet. Det burde heller vore motsatt, at ein blei premiært fordi ein tok ansvar, og i alle fall ikkje straffa av innt. rammesystemet pga dette.

- Kabel gir mykje lavare energitap enn ei linja – ned mot 1/5-del energitap ift. luftlinja.
- Ein stor kabel kan ofte erstatta fleire linjer – og ein kan forsyne mykje lenger på kabel
- Kabling er noko av det mest konkreta og beste tiltaket ift. HMS i bransjen
- Ein reduserar konflikt med fugleinteresser – som er vår største utfordring på Jæren.
- Ein spelar meir på lag med omgivelsane med kabel kontra linja, enten det er landskap, byggeforbudsbelte, breie linjegater i skogen, usikkerheita nokon føler med å bu inntil ei høgspentlinja o.m.
- Mykje meir driftssikkert – vår erfaring er at linja har 10 gonger fleire driftsavbrudd enn kabel

Det er eit paradoks at RME no foreslår å fjerna høgspentkabel frå inntektsrammeordninga. Det kan sikkert diskuteras om kabel skal vera ei rammevilkårskorrigerings eller om det skal inn i modellen på anna måte, men kabel er framtida og må koma med i innt. rammeordninga. Om ikkje anna, må kabel og linja bli vekta likt ift alle rammevilkårsparametra – det er ofte ein grunn for at ei linja langs kysten ut mot havet er blitt kabla – og då blir det heilt feil at ein mistar vind og kystparametrane om ein kablar slike utsette strekk. Dersom forslaget til nye rammevilkårskorrigerings blir vedtatt slik RME foreslår i høyringa, vil RME samtidig senda eit signal til bransjen om bygging av mest muleg luftnett, der ein kan få betalt i form av høge verdiar på rammevilkårsparametra – og dermed bli definert som meir effektiv!

Inntektsrammeordninga skal vera mest muleg objektiv, men her kan nettselskapa velga å bygga det som gjer mest muleg økonomisk gevinst.

HMS er for lite synleg i inntektsramme systemet.

Eit av dei beste HMS tiltaka i bransjen, er truleg å kunna få meir av straumnettet i bakken. Og byggja straumnettet meir innkapsla og berøringssikkert, både for eigen del og for omgivelsane rundt.

Det er ein auka risiko for feil på luftlinjenettet når det er storm og uvær – og dermed og ein auka risiko at mannskapa må ut i uværet for feilretting og reparasjonar.

Også kabling av lavspennetnettet burde hatt meir fokus, både ifht. HMS-delen, nettapet, sikrere nett og bedre kvalitet på straumen som blir levert til kunde.

KE Nett AS

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	E-post	Org.nr.
Postboks 156 4358 Kleppe	Jærvegen 548 4351 Kleppe	51 78 94 00 Kundeservice 51 78 94 30	post@klepp-energi.no Internett www.ke-nett.no	NO 977 285 712 MVA

KE Nett sine kommentarar til rammevilkåra som no er til vurdering:

Skog: Kva er ein skog – er ei leplanting langs eit skiftegrerde der ofte linja går ein skog? Det er ofte meir krevande over tid å stussa på eit lebelte, enn å skoga ein linjetrase.

Burde skogsverdien i dagens rammevilkårs korrigerering vore redusert – for utfordringa med skog er det muleg å få gjort noko med. Her kan ein enten skoga meir eller i ein del tilfeller kabla linja.

Snø og temperatur: Snø og kulde til eit visst nivå, kan vera like mykje eit pluss som eit minus. Vinteren for 2 år sidan, hadde vi 3-4 mnd. med frost i bakken, som var heilt ideelt for vår drift på Jæren. Vi skulle berre hatt litt meir snø, slik at vi øydelagde bakkane litt mindre.

Det ideella ift. snø og kulde - sett frå vår sida - ville vore 3-4 mnd. med stabilt kaldt vær og med 20-40cm tørr snø. Men helst ikkje kaldare enn 15-20 minusgrader.

Men kulde og frost i bakken meir enn 4-5 mnd., og våt snø som kjem i store mengder, vil kosta ekstra ifht. både drift og utbygging.

Den nordlege delen av landet, som har mørketid og lange vintrar, bør ha tillegg i innt.rama for dette.

Vind: Dersom ein skogar breitt nok, kan ein nesten bygga nettet so robust at kraftig vind ikkje treng vera eit problem. For å kunna bygga so robust høgspenningsnett, vil nok investeringskostnadane auka litt – men det får ein igjen ift. levetida på linja og spart energitap. Vi har hatt eksempel på at master har knekt og linjer har slitna, men då er det ofte pga. eldre stolpar og slitasje på oppheng/fester. Den jamne vinden er nok i mange tilfeller vel so kostbar som orkanane – dersom ein ser vekk ifrå trefall på linja – men det er nok ofte den sterke vinden som skal til for å få driftsavbrudda.

RME foreslår å ta med vind frå unormal retning inn i rammevilkårskorrigeringa – i flatt landskap kan nesten alle vindretningane vera lika normale/unormal og utfordrande.

Kystnærheit – kystbelte: Etter vår meining bør kystbelte bli definert i fht. kor flatt og lite vegetasjon det er frå kystlinja og innover land.

Då me tidlegare hadde feallinjer – både ute med kysten og lenger innover i landet – såg me store skilnadar i levetida på linja. Nærmast kysten fungerte denne type linja i 10-15år før den måtte bytast ut. Men so snart vi kom bak ein bakketopp/høgde i terrenget nokre kilometer lenger frå kysten auka levetida til 30-50 år. På flate Jæren meiner me at kystbelte er 5-10 km innover land - til terrenget går ned igjen bak ein *bakketopp*. Det at det er langgrunt utfor kystlinja forsterkar saltproblematikken fordi det er med og piskar opp sjøen inn mot land.

Saltråket kan sikkert blåsa minst 1 mil innover land og høgt til fjells – men etter vår meining/linjeerfaring, so er normalt ikkje salt eit spesielt problem over 100m høgde og bak bakketopp.

Dersom kysten består av ein rett fjellkant på nokre meter beint opp av sjøen og med vegetasjonen tett inntil bakom – er kystbelte i inntektsramme samanheng nærmast null etter vår meining.

Kva med andre forureiningar i kombinasjon med salt – forureining frå kontinentet, intensivt landbruk o.m. Slik forureining er etter vår meining, kanskje vel so krevande som saltråket kan vera.

KE Nett er definert som like lite saltutsett som nettselskap midt inni landet, viser RME sitt høyringsdokument nr.3/22, side 59!

KE Nett driv i eit av dei mest saltutsatte områda i landet, pga. Nordsjøen rett inn, grunn sjø, lite vegetasjon og flatt. Men sidan vi no snart har fått lagt alt i bakken, mister vi rammevilkårs tilleggga!

Forsyning av øyer: Forsyning av øyer er nok ganske ressurskrevande – men skal det definerast som øy når det har fastlandsforbindelse? Øyer bør absolutt vera ein rammeparameter. Kva som skal definerast som øy i inntektsramme samanheng kan kanskje vera eit spørsmål – men alle må bruka denne definisjonen på lik måte.

Helning bør kanskje takast med på eit eller anna nivå - fordi dette kan vera kostnadskrevande å bygga og drifta.

Reindrift har vi ingen formeining om.

Småkraft: Bør vera med slik den er i dag

KE Nett AS

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	E-post	Org.nr.
Postboks 156 4358 Kleppe	Jærvegen 548 4351 Kleppe	51 78 94 00 Kundeservice 51 78 94 30	post@klepp-energi.no Internett www.ke-nett.no	NO 977 285 712 MVA

Stengte vegar: Bør bli tatt omsyn til på ein eller annan måte – for dette er det lite nettselskapa kan gjera noko med. Samtidig som KILE kostnaden tikkar avgårde.

Forminner: Heile Jæren er full av forminne. Ein ting er alle forminna som er registrert, for dei veit me om og kan planlegga utifrå. Verre er det med resten av Jæren der det ikkje er forminne registreringar – for pr. definisjon er alt som det ikkje er gravd i frå før av eit potensielt forminne område. Dette betyr igjen at vi må søkja til Fylkeskommunen si forminne avdeling eigentleg for alt me grev utanfor tettbygde område. Og vi har mange eksempel på forminne budsjett frå Fylkeskommunen som utgjer over kr. 1000 pr meter grøft, som selskapet/ nettkundane må dekkja.

Det som kanskje er mest krevande ift. forminne delen, er framdrifta til eit prosjekt, fordi ein er avhengig av at arkeologane skal ha tid til å kunna koma ut på anlegget. Og skulle ein treffa på eit forminne i bakken, har vi eksempel på at det kan gå mange mnd. før ein kan koma vidare, eller at ein må koma seg rundt på eit vis.

Fugl: Fugl er den desidert største utfordringa for nettdrifta på Jæren – pga. alle fuglareservata. Fugl utgjer halvparten av driftsavbrudda hos KE Nett, til tross av at det snart ikkje er luftlinjer igjen. Og fugl er eigentleg umuleg å få gjort noko med, anna enn å henga opp litt fuglaavvisarar og henga opp isolering over alle koplingspunkta og piggisolatorane. Problemet er at denne isoleringa forvitarar i sol og vær og ligg og flagrar i vinden, til den blir fjerna. Einaste løysinga ift. fugl, er å få kabla linja. Spørsmålet er om registrerte fuglareservat burde vore ein rammeparameter – og uavhengig om ledningsnettet heng i lufta eller ligg i bakken, for det er tross alt ein grunn for at linja ein gang måtte kablast.

Effektavstand bør koma med i innt.rammesystemet: Ofte litt tilfeldig korhen ein trafostasjon er plassert ift. lasttyngdepunktet i dag, fordi trafostasjonen blei kanskje bygd for 50-70 år sidan, då lastbilde såg heilt ansleis ut.

Innt.rammesystemet og KILE ordninga tar ikkje omsyn til denne effektavstands utfordringa i dag. Vi har planar om å erstatta ein gammal transformatorstasjon, som idag ligg heilt i eine utkanten av forsyningsområdet, med ein ny transformatorstasjon som vil koma 4-5 km nærmare lasttyngdepunktet – noko som utan tvil vil gi rimelegare utb.kostnadar for framtida, mindre KILE risiko og betydeleg lavare energitap.

Overført energimengde burde vore ein av dei nye rammeparametra – dersom ikkje effektavstanden kjem med: Eit selskap med høg overført energimengda over lengre avstandar, kjem dårleg ut ift. nettap, og kan koma ekstra dårleg ut ifht. KILE kostnad, fordi inntektsramma ikkje tar omsyn til overført energimengd i dag.

Med dei høge kraftprisane vi har i 2022, og dei store variasjonane ift kva prisområde selskapa ligg under – begynner energitapet å bli ein av dei viktigaste faktorane ift. effektivitets fastsettinga.

Kundetilfredsheit/driftssikkerheit: Kundetilfredheit kan vera krevande å få ei objektiv vurdering av. Men driftssikkerheit bør vera enkelt å kunna ta inn som rammeparameter i innt.rammesystemet om ein vil – for denne oversikten lagar NVE sjølv kvart år.

Litt spesielt å sjå at 3 av dei selskapa som låg på topp 4 i 2020, var blant dei selskapa som har mest 400V i nettet sitt! Som då kan sjå ut som enno ei stadfesting om at 400V og gjev meir driftssikre nett – slik me forventa.

Feil metode å rekna ut KILE tillegget/ kostnaden på: I dag blir KILE kostnaden trukke ifrå inntektsrama – uavhengig av overførings-mengde, -avstand og kva kundetypar som er i nettet.

Ein kan ha det mest driftssikra nettselskapet – men likevel ha blant dei høgaste KILE kostnadane sett opp imot inntektsrama ein har fått tildelt.

Utfordringa er ulik KILE risiko i fht. overført energimengde, lengda på overføringa og kundetypar: I dag er ordninga slik at t.d. 39 hyttekundar kan gje nesten same inntektsramme tillegget som 39 store industrikundar – medan KILE risikoen kan vera over 1.000 gangar høgare med bedriftskundane. Vi hadde eit eksempel midt i fellesferien i 2020, der 39 store industrikundar fekk driftsavbrudd i ein time, noko som gav ca. kr. 600.000 i KILE kostnad. 39 hyttekundar som nesten gjev same innt.ramme tillegget som desse 39 store ind.kundane, ville gitt nokre hundre kr. i KILE om dei falt ut 1t på sommaren.

KE Nett AS

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	E-post	Org.nr.
Postboks 156	Jærvegen 548	51 78 94 00	post@klepp-energi.no	NO 977 285 712 MVA
4358 Kleppe	4351 Kleppe	Kundeservice	Internett	
		51 78 94 30	www.ke-nett.no	

Forslag til endring/forbedring av ordninga:

- Ikkje ta utg.pkt. i eigne KILE kostnader 2 år tilbake i tid, når ein skal rekna ut innt.rama – slik det blir gjort i dag.
- Men heller rekna på kva t.d. 1t utfall i heile forsyningsområdet for det enkelte selskap ville gitt i KILE kostnader og lagt dette inn som tillegg i innt.rama. Det hadde i alle fall vore litt meir korrekt enn måten det blir gjort i dag. Og enkelt å få til.

Selskap med lave KILE kostnader ifht. mykje overført energi, blir for dårleg premiert for dette i innt.rame systemet i dag. Dersom ein berre er definert som effektiv nok, får ein i dag det meste av KILE kostnaden sin tilbake 2 år seinare – kvifor då bry seg!

Ressurs, klima, miljø:

Nettap – for lite fokus på dette i bransjen i dag: Innt.rame modellen burde vore laga slik at ein blei premiert om ein hadde lave nettap. Med dagens ordning er det viktigaste å tilpassa seg modellen på best muleg måte slik at ein kan bli definert som effektiv, so er ikkje nettap og andre kostnader so viktige – for denne kostnaden får ein berre tilbake i innt.rama 2 år seinare.

Vektinga/effektivitets målinga tar idag ikkje omsyn til overført energimengda.

Klima: Mange meiner at været vil bli både villare og våtare i framtida – korleis kan ein bruka inntektsramma alt i dag til å førebu bransjen på dette i framtida. Ta vare på skogen – kabla meir, i alle fall der det er mulegheit for dette.

RME gjer alt for lite for å få bygd framtidsnettet

Noko av det viktigast med RME si inntektsrammeregulering burde vore å gje incentiv til å redusera kostnader og få nettselskapa til å gjennomføra framtidsretta og gode investeringar som gjev effektive og driftssikre straumnett i framtida. Og å få ei mest muleg rettferdig fordeling av den totale inntektsramme potten.

1. For KE Nett sin del, er det berre andel kabel i høgspennetnettet - der dagens modell og rammevilkår er relevant. Dette fordi alt strømnettet, både høgspenn- og lavspennnett snart er lagt i kabel, og dermed forsvinn mykje av rammevilkårs verdiane, som vind, skog, islast, temperatur o.fl. av parametra.
2. Spørsmålet er kanskje om mange av desse rammevilkåra, er utgått på dato og burde vore erstatta av nye rammevilkår ifht. å bygga framtidsnettet. Dagens rammevilkår premierar mest bygging av nett slik ein alltid har gjort, og mindre ifht. korleis ein bør bygga nettet for framtida.
3. Det som manglar i rammevilkåra for dagens modell, er incentiv for å få bygd framtidsnettet – sikrare nett – HMS - meir kabling – 400V – redusera nettapet – like reglar – osv.

HMS er for lite synleg i inntektsramme systemet.

Eit av dei beste HMS tiltaka i bransjen, er troleig å kunna få meir av straumnettet i bakken. Også kabling av lavspennetnettet burde hatt meir fokus, både ifht. HMS-delen, nettapet, sikrare nett og bedre kvalitet på straumen som blir levert til kunde.

Det ideella var å fått inn ei premiering i den nye inntektsramme modellen, som gjorde det enno meir interessant å bygga framtidas nett - og i alle fall ikkje tapa på dette slik ein gjer i dag.

Med helsing
KE Nett AS

Håkon Ådland
Direktør

KE Nett AS

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	E-post	Org.nr.
Postboks 156 4358 Kleppe	Jærvegen 548 4351 Kleppe	51 78 94 00 Kundeservice 51 78 94 30	post@klepp-energi.no Internett www.ke-nett.no	NO 977 285 712 MVA